



– Viss Eid kommune sel operahuset til Eid kommune og innfører eigedomsskatt i same slengen, kan ein jo få råd til kommunalt sjukehus.

SENTRALBORD 57885310
TIPSTELEFON 951 74 910



vakt

Tormod Flatebo
Tlf: 95 17 49 10



FØRSTEGONGSVELJAREN

Namn: Aleksander Raftenvold
Alder: 18
Yrke: Elev ved Eid vgs
Bustad: Heggjabygda

– *Korleis i alle dagar har dette gått til?*

– He, he. Eg fekk spørsmål frå Sonja (Edwardsen, ordførar) og var vel litt stressa. Eg visste nok ikkje heilt kva eg takka ja til. Då Ove Bjørlo kom og gratulerte meg, skjøna eg ingenting, ler 18-åringen frå Heggjabygda.

– Rett mann til rett tid

Han understrekar at han tidlegare har sympatisert med Arbeidarpartiet.

– Det gjer eg delvis enno, men då snakkar vi om rikspolitikken. Etter det som har skjedd rundt sjukehuset, synest eg dei har svikta. Derfor er det heilt uaktuelt for meg å stemme Arbeidarpartiet.

– *Har du bestemt deg for kva parti du skal stemme på?*

– Det blir Venstre ved kommunestyrevalet. Eg vil ha Alfred Bjørlo som ordførar. Han verkar dyktig og profesjonell i uttalene sine, spesielt når det gjeld Nordfjord sjukehus. Eg trur han er rett mann til rett tid, seier Raftenvold.

Sjukehuset viktigast

Det er lite tvil om kva sak som er viktigast for førstegongsveljaren.

– Sjukehussaka står høgt for mange, også for meg. Det er vanskeleg å sjå føre seg ei framtid i Eid utan tryggleiken eit sjukehus inneber. Kva skjer når ferja streikar, helikopteret ikkje kan lande eller vegar blir stengde? Mange eg snakkar med, både unge og eldre, seier at dei vil forsvinne viss sjukehuset gjer det.

For innvandring

Men det er fleire grunnar til at Ap-kandidaten har bestemt seg for å stemme Venstre ved kommunestyrevalet.

– Eg har sans for at dei er opptekne av personleg fridom. Dessutan er dei liberale til innvandring, og det er noko som er viktig for meg, seier Raftenvold.

Når det gjeld fylkestingsvalet har han ikkje bestemt seg enno.

– Der er eg meir usikker. Eg får prøve å setje meg betre inn i fylkespolitikken, men det er nok viltsomt om eg får tid.



Aleksander Raftenvold set stor pris på Eid kommune si satsing på kultur.

På feil liste

Aleksander Raftenvold står på 13. plass på Arbeidarpartiet si liste til kommunestyrevalet i Eid. På valdagen skal han stemme Venstre.

Årsaka til tidsklemma er at han er aktiv musikal, noko du kan lese meir om på andre sider i denne avisa.

– Det har gått i eitt i det siste, seier 18-åringen, som kom til Eid frå Ørsta som 11-åring.

– Å kome til Eid var ubeskriveleg. Kultur står svært høgt, og alle er klare til å hjelpe deg når du treng det.

– *Noko som ikkje er like positivt i Eid?*

– Det er litt vanskeleg å finne noko å peike på. Eldreomsorga kunne nok vore betre, men det gjeld vel heile landet.

Satsar på musikken

– *Kvifor vil du bruke stemmeretten din?*

– Det er den måten vi har til å

påverke samfunnet i den retninga vi sjølve ønskjer.

– *Burde 16-åringar hatt stemmerett?*

– Der er eg litt i tvil. Eg har ein mistanke om at 16-åringar kanskje kan vere for lette å påverke. Ein er meir sjølvstendig når ein har fylt 18 år, meiner Aleksander Raftenvold, som ikkje ser føre seg noko partipolitisk engasjement.

– Eg trur ikkje eg kjem til å melde meg inn i eit bestemt parti. Planen er å gå vidare med musikken, og det vil nok ta mesteparten av tida.

YNGVE TOLAAS

yngve.tolaas@fjordabladet.no
Direkte telefon: 57 88 53 16